



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
200905410	16.06.2015	43375/2015/S11	Johnny Loen, 71 25 82 88	13.10.2015

## Surnadal kommune - Svorka kraftverk - revisjonsdokument - fråsegn ved høyring

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Om saken

Vi vil for ordens skuld opplyse at Møre og Romsdal fylkeskommune har ein eigardel i Svorka Energi AS på 25 %. Vi har også eitt styremedlem som er politisk vald. Vedkommande er i tillegg styrerepresentant i det heileigde selskapet Svorka Produksjon AS. Vi vel likevel å gi høyringsfråsegn slik vi ville gjere i andre, tilsvarende saker.

Regional forvaltingsplan for Møre og Romsdal vassregion har vore ute til andre gongs offentlege ettersyn, men det er enno ikkje gjort endeleg vedtak.

I framlegget til forvaltingsplan er Svorka/Bævra prioritert med sikte på vilkårsrevisjon, og NVE si høyring av dette no er såleis i samsvar med planframlegget. Revisjon er også sterkt ønska av Surnadal kommune, og kommunen har stilt tydelege fordringar bak sitt ønske, jamfør vedtak i kommunestyret 08.05.13. Surnadal kommune er også største eigar.

Vassførekomstane innan Svorka sitt reguleringsområde er i stor grad foreslått som sterkt modifiserte (SMVF) i regional plan. Det er ikkje fastsett konkrete miljømål fordi ein føreset at dette må drøftast i samanheng med vilkårsrevisjonen. For reguleringsmagasina (Almberg-/Bævervatnet, Geitøyvatnet, Solåsvatnet, Krokvatnet og Anderslivatnet) er det likevel rekna med at tilstanden allereie er slik at nye miljømål ikkje vil vere nødvendig. I elvestrekningane er mangel på minstevassføring og dei konsekvensane det gir for elvemiljøet oppgitt som hovudårsak til klassifiseringa som SMVF.

Vi merkar oss at revisjonsprosessen i tillegg til minstevassføring kan drøfte mellom anna manøvreringsvilkår generelt, vilkår om biotopjusterande tiltak og utsett av fisk. Ein kan ikkje endre reguleringsintervallet i magasina eller vedtak om overføring/samføring av elvar.

### Vurdering

Kravet om vilkårsrevisjon er godt grunngitt, og fylkesrådmannen støttar at prosessen er sett i gang.

Vi vil støtte Surnadal kommune i at nedslagsfeltet/Nordmarka er svært viktig som friluftsområde. Dette gjeld ikkje berre lokalt, men også regionalt, både på barmark og på snøføre. Vi vil tilsvarende peike på viktigheita av å vareta ynglande stammer av anadrom fisk og andre levande organismar i dei elvane som er påverka. Det synest openbart at krav om minstevassføring må vere ein sentral del av revisjonsspørsmålet.

Når det gjeld generell manøvrering merkar vi oss at konsesjonæren viser til sjølvpålagde tiltak (avsnitt 7.3.3 i søknaden). Vi oppfattar dette som ei erkjenning av at det juridiske grunnlaget (konsesjonen) for manøvrering er utilstrekkeleg også i forhold til kva konsesjonæren sjølv ser som rimeleg. Desse restriksjonane bør også vere utgangspunkt for diskusjonen om nye manøvreringsrammer. Vi har for vår del ikkje fagkunnskap til å vurdere om restriksjonane er tilstrekkelege i forhold til fiskeinteressene (som dei er retta mot), men påpeikar at manøvrering av magasina også har verknad på det landskapsmessige og dermed også på dei generelle friluftsiinteressene i området. Dette må vere ein del av diskusjonen. Ikkje minst fordi delar av reguleringsområdet eignar seg god for padleturar med kano og kajakk.

Vi registrerer vidare at konsesjonæren argumenterer mot minstevassføring nedstrøms Svorka kraftverk med grunngiving i at verknaden er usikker, at laksen også er negativt påverka av andre forhold og at kostnadene er store. Dei viser også her til sjølvpålagde prosedyrar (trinnsvis regulering, redusert start/stopp-frekvens, varsel i samband med fiske). Dersom verknadene av minstevassføring på denne strekninga er liten, kan krav om omløpsventil vere eit godt alternativ, sidan ein då umiddelbart kan respondere på driftsstans i kraftverket med omløpsvatn.

Også oppstrøms Svorka kraftverk argumenterer regulanten mot minstevassføring, dels ut frå same grunngiving, men her er det foreslått alternative tiltak. Heller ikkje her har vi fagkunnskap til å gå detaljert inn i vurderingane, men ber om at alle sider ved dette vert vurdert og at omsynet til villaksen vert prioritert høgt, ikkje nødvendigvis berre ut frå fritidsfiskarane sin ståstad, men ut frå omsynet til artsmangfaldet og laksen sjølv. Variasjonar i vassføringa har også verknad på andre livsformar i og ved elva der tilsvarande vurdering må leggast til grunn for avgjerda. Krav om minstevassføring synest også rimeleg ut frå at ein generelt bør nytte revisjonsinstituttet til å modernisere drifta i anlegg som vart konsesjonsgitt under heilt andre samfunnsforhold enn i dag; sagt på ein annan måte – rette opp i gamle synder.

Dei andre tiltaka som er foreslått av Surnadal kommune kommenterer vi ikkje særskilt, men peikar på at fleire av desse tiltaka synest å kunne bli gjennomført med relativt små kostnader i forhold til gevinsten.

Når det gjeld kulturminne har vi ikkje vesentlege merknader.

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm  
Ass. fylkesplansjef

Johnny Loen  
Plansamordnar

Kopi:  
Surnadal kommune  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her